

## Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

### **KIRKEN er for tiden under ombygging!**

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterverns hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

### **SAMTALER OG SJELESORG**

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selvsagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### **SØNDAGSHILSEN PÅ NETT**

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «prestetjenester»



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

16. mai 2021

## 6. søndag i påsketida

**Tema:**  
*Å sjå lyset*



<http://cdn.simplesite.com/i/f7/>

**Det er for tiden ikke gudstjenester  
i sykehuskirken på Haraldsplass!  
Du finner gudstjenester og andre  
livssynsprogram på [www.kirken.no](http://www.kirken.no)**

## 6. søndag i påsketida

Preiketekst: Apg 26,1-3.20-29

1 Så sa Agrippa til Paulus: «Du kan få lov til å svara for deg.» Paulus lyfte handa og tok til med forsvaret:

2 «Eg held det for ei lukke at det er framfor deg, kong Agrippa, eg i dag skal forsvare meg mot alt det som jødar skuldar meg for, 3 sidan du kjenner så vel alle skikkar og stridsspørsmål hos jødane. Difor bed eg deg om å høyra på meg med tolmod.

20 Tvert om har eg forkynt, først i Damaskus og Jerusalem, sidan i heile Judea og for heidningfolka, at dei må skifta sinn og venda om til Gud og gjera gjerningar som svarar til omvendinga. 21 Difor var det at nokre jødar greip meg i tempelet og ville drepa meg. 22 Men til denne dag har Gud hjelpt meg, og no står eg her og vitnar for høg og låg, og eg seier ikkje anna enn det som profetane og Moses sa skulle henda: 23 at Messias skulle lida, at han skulle vera den første som stod opp frå dei døde, og at han sidan skulle forkynna lyset både for vårt folk og for heidningfolka.»

24 Då han kom til desse orda i forsvarstalen, ropa Festus høgt: «Du er frå sans og samling, Paulus! Den store lærdomen din fører deg frå forstanden.» 25 Men Paulus svara: «Eg er ikkje frå forstanden, vørde Festus. Alt det eg seier, er sant og vel gjennomtenkt. 26 Kongen kjenner til desse tinga; difor talar eg så frimodig til han. Eg kan ikkje tru at noko av dette er ukjent for han. Det har då ikkje gått føre seg i ein avkrok. 27 Trur du profetane, kong Agrippa? Eg veit at du trur.» 28 Då sa Agrippa til Paulus: «Det er like før du får overtala meg til å bli ein kristen.» 29 Paulus svara: «Like før eller lenge att, det er mitt ønske til Gud at både du og alle som høyrer meg i dag, må bli som eg, men utan desse lenkjene.»

## Å sjå lyset...

Har du opplevd noko skjellsettande i livet som har fått deg til å endre kurs eller ta nye val? Har du kanskje gjort ei oppdaging som du synest er heilt fantastisk og gjerne vil dele med andre? **Det handlar om å bli grepen av noko - noko som er så bra at du gjerne vil at andre skal få oppleve det også.**

Apostelen Paulus hadde ei eineståande oppleving som fekk han til å gå frå å vere ein ihuga forfølgjar av kristne, til å forkynne den glade budskapet om Jesus til alle folkeslag. Møtet med den oppståtte Jesus var så sterkt, at han kunne ikkje anna. Det snudde opp ned på alt han hadde tenkt før, det gav han ei ny innsikt som var så fantastisk at han bare *måtte* fortelje om det til alle andre, slik at dei også kunne få del i dette.

«Jeg møtte Jesus» er tittelen på boka til den danske journalisten Charlotte Rørth. Ho var ikkje kristen, men så fekk ho å sjå Jesus i eit syn. Ho fortel at den største opplevinga var møtet med Jesus sitt blikk, ho følte seg avkledd med heile sitt liv, men samtidig var Jesu sine auge fulle av kjærleik og aksept. Avkledd og oppreist..

Paulus følte seg ikkje som ein fantastisk person, tvert imot, men han hadde oppdaga ein fantastisk budskap; kjærleikens evangelium! Derfor seier han i vår tekst i dag «... *det er mitt ønske til Gud at både du og alle som høyrer meg i dag, må bli som eg...*».

**God søndag!**

**Kristin Lødøen Hope,  
sjukehusprest**